

# Spionér på frøet


VED GRO WOLLEBÆK, RESSURSLÆRAR FOR NYSGJERRIGPER

## Du treng:


- Ei 1,5 liters brusflaske
- Ei stor saks
- Eit A4-ark
- Sand eller jord
- Store, tørre salatbønner som du kan kjøpe i helsekostforretning
- Ein tynn pinne som planten kan vekse langs




## Slik gjer du:




- 1 Vask brusflaske og ta av alle etikettene.




- 2 Klipp av toppen der flasken byrjar å skrå innover.




- 3 Rull saman eit A4-ark og set det oppi flasken. Arket vil då rulle seg ut og leggje seg fint langs kanten inni flasken. Klipp vekk delen av arket som stikk opp over kanten.



- 4 Fyll jord og sand oppi flasken. NB! Pass på at du ikkje får jord eller sand mellom flaskeveggen og arket. Sett frå deg flasken på eit bord og kikk på ho. Du skal ikkje sjå jorda eller sanden. Det er skjult bak papiret.



- 5 Lirk ein linjal ned mellom plastveggen og papiret. Gjer det veldig forsiktig så ikkje arket rivnar. Når du har komme halvvegs ned langs sida av flasken slepper du ei bønne ned i mellomrommet. Frøet skal no liggje mellom plastveggen og arket. Du skal sjå frøet. Frøet skal ikkje liggje gøymt inni sanden eller i jorda.



- 6 Hell cirka 1 dl vatn oppi. Sjekk kvar dag. Ser det tørt ut, så vatnar du meir. Ikkje ta for mykje vatn, då druknar frøet ditt.


## Kva skjer?

Sjølv om frøet ikkje ligg i sanden eller i jorda, vil det likevel trekkje til seg næring gjennom papiret. Eit papir har nemleg små hol som både vatn og næringsstoff trengjer igjennom.

Frøet vil ganske snart svulme opp og bli større. Det er fordi det syg til seg vatn. Inni frøet vil det no byrje å danne seg røter. Du kan sjå at det kjem små, kvite "piggar" ut av frøet. Dette er røter. Dei vil snart vekse seg store og lange og slynge seg rundt nedi flaska. Dette gjer planten for å skaffe seg mest mogleg næring.

Etter nokre dagar vil du plutselig sjå at det kjem eit fint, grønt skot ut av bønna. Dette blir stilken til planten. Han veks raskt og snart strekkjer han seg over kanten. Her kan det vere lurt å stikke ned ein pinne som støttar opp stilken. Etter ei vekes tid vil det komme blad. Er du tolmodig vil det også etter kvart komme blomstrar på planten din.

Du kan heile tida følgje med på kva som skjer med frøet ditt medan det spirer og veks!



Prøv deg fram med ulike jordtypar og sjå kvar frøet trivst best.

